



Eit fantastisk korprosjekt med Vamp-musikk. Bilete frå øvinga før konserten.

Dei to uskedelingane, Edle Lomheim og Lene B. Taranger, var blant dei 170 songarane som i kveld gav eit stort publikum i Haugesund ei uforgløyemeleg konsertoppleving. Det var Vamp-songar som stod på programmet, og songarane i det store koret kom frå dei 3 Vestlandfylka Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

Det er Norges Korforbund Vest som står bak dette prosjektkoret, og Lene B. Taranger fortel at dei har hatt 2 strålende øvingshelger. I tillegg har kvar einskild deltakar øvd heime ved hjelp av notar og lydfiler. Songarane kom frå 45 ulike kor, og dessutan var det nokre utan kortilknytning.

Resultatet av prosjektet fekk publikum oppleve på ein fantastisk konsert i kveld. Misjonskirken i Skåredalen var heilt fullsett, og både dei 170 songarane og publikum fekk ei oppleving som dei vil leve lenge på. Velkjende Helge Toft var konferansier, og Kine Nesheim var strålende solist. Johnny Fosse gjorde ein glitrande jobb som dirigent og musikalsk leiar.

Dei to Uskedalsdamene er svært fornøgde etter fullendt prosjekt og er tydelege på at dette er ei oppleving dei ikkje ville vore forutan.

- Det har vore ei helsebringande oppleving og inspirasjon for livet!

Underteikna kjenner tydeleg inni seg at dette er ein konsert han kunne tenkt seg å ha opplevd!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Privat.